



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå Kviteseid sokneråd

Torsdag 30. jan. 2025 kl. 18.00 (- ca. 21.00)

På kommunehuset 3. etg.

Innkalla: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid,

Innkallinga vart og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.), som møter viss dei får særskilt melding, og til Prost Asgeir Sele.

Opningsord ved sokneprest Sigrun Lønning Solvang

Servering ved Knut Gjersund

Prosten deltok på møtet i SR-sak 03.25 og 04.25.
Som kommunerepresentant møtte Jonn Foldøy.

Oversikt over saker:

SR-sak 01.25	Innkalling og saksliste
SR-sak 02.25	Post og meldingar
SR-sak 03.25	Kyrkjeverjestillinga vidare
SR-sak 04.25	Utlysing av kyrkjeverjestillinga og tilsetjings komité
SR-sak 05.25	Rekneskapsrapport
SR-sak 06.25	Budsjett for 2025 og økonomiplan 2026-29
SR-sak 07.25	Fasteaksjonen
SR-sak 08.25	Trusopplæring
SR-sak 09.25	Eventuelt

SR-sak 01.25	Innkalling, saksliste og referat	MS
	<p>Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR fredag 24.jan. 2025 Merknader til innkalling eller saksliste? Eventuelt?</p> <p>Dei to siste referata frå 2024 er lagt ved innkallinga. Merknader til siste referata?</p> <p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Ingen merknader til siste SR-referat.</p>	

VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.

Ingen merknader til siste SR-referat.

Nye saker vart lagt til under Sak 09.25 Eventuelt

SR-sak 02.25**Post og meldingar****MS**

1. **Bispevisitasen er utsett til 2026 eller 2027.** Visitasen vart utsett grunna liten kapasitet på kyrkjekontoret (sjå m.a. pkt. 8 under her). Saman med biskopen skulle vi hatt eit soknerådsmøte som nå fell ut. Neste møte etter planen er 24. april da rekneskapen vonleg er klar og kan vedtakast. Så har vi soknemøte (med årsmøtesaker) 16. mars som er alt for tidleg i høve til årsrekneskapen. Men vi kan leggja fram eit førebels rekneskap. Hovudsaka er årsmeldinga. Den må soknerådet fyrst vedta. Organisten og kyrkjevevja prøver å få den ferdig tidleg i februar slik at SR kan vedta den. Difor må SR ha eit møte til, og leiar og kyrkjevevja har kome fram til at det må bli torsdag 20. februar. (Kyrkjevevja reiser på to vekers ferie 21. febr.) På det møtet set vi og ned ein komité for konfirmantfesten som skal vera etter samtalegudstenesta i Brunkeberg søndag 11. mai kl. 15.00
2. **Arrangement:**
 - a. Bispevisitasen er utsett til 2026 eller 2027 grunna redusert arbeidskapasitet i staben på kyrkjekontoret.
 - b. Babysang held fram på Misjonshuset omtrent kvar torsdag føremiddag kl 11-13 i samarbeid med Frivilligsentralen.
 - c. Føremiddagstreff på Misjonshuset vinter og vår 2025: 22.jan, 26. febr., 26. mars og 23. april
 - d. Språk-kafé på Misjonshuset vinter og vår 2025 (frå februar på tysdagar): 15. jan., 18. febr., 18. mars, 8. april, 20. mai og 17. juni. (Må ha ny kontaktperson etter Kristen, frå hausten)
 - e. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen 29. jan., 12. febr., 5. mars og vidare ca. annankvar onsdag. (Fredheim og andre har andaktar innimellom)
 - f. Fellesmøteveke 7.-9..mars (veke 10). Thor Håvik kommer som taler. Møta blir fredag og laurdag kl. 18, og søndag kl. 11. (sjå referat frå fellesmøtekomiteen)
3. **Referat ~~Stabsmøte 7/4~~(er helt, men referat ikkje skrive), Kulturutval 21/1, Fellesmøtekomité 19/11-24 og 22/1-25, Diakoniutval (har nettopp hatt møte. Skriv ikkje referat, men fordelar oppgåver)** 3 referat blir lagt ved referatet frå SR-møtet av di dei ikkje vart sendt ut med innkallinga.
4. **Ytterdør og teppe i Vrådal kyrkje.**(Ref. vedtak i SR-sak 32.24.) Begge delar er bestilt. Teppe er i produksjon. Dør er no ferdig bygd og vert denne veka sprøytemåla med tjeralin (i rette gråfarge)
5. **Kyrkjeblad:** Skal vi ha ut eit nummer før påske, bør redaksjonskomiteen planleggja det i tide. Kyrkjevevja hjelper med bestilling av trykking og distribusjon, etter initiativ frå redaktør, og generell informasjon/råd. Planlegging må koma i gang tidleg i februar. (Sjå pkt. 8 d om kyrkjevevjas ferie)
6. **Informasjonstavle til Vrådal gamle kyrkjegard** er bestilt. Saka er purra på, da den var gløymt hos leverandøren. Informasjonsplakaten trykt på vêt-bestendig plexi-glas, blir sett opp på eksisterande oppslagstavle no i vinter.

7. **Arbeidsutvalet (AU) har ikkje vore samla i 2025** fordi kyrkjevevja ikkje har hatt kapasitet til å førebu sakene i tide, så ingen av sakene til dette SR er handsama eller førebudd i AU.
8. **Personalsaker:** 2024 var eit krevjande år for staben utan fast prest og trusopplærar store deler av året. Organisten og kyrkjevevja fekk ekstra oppgåver, og fagarbeidarane ute har vore noko redusert.
 - a. Soknepresten har mykje av hausten vore delvis sjukemeld og er det framleis.
 - b. Kyrkjevevja gjekk ut i 50 % sjukemelding frå 16. des. til 27. januar, og held fram med noko mindre sjukemelding nokre veker til.
 - c. Ein av 3 kyrkjetenarar (med halve stillingar) har vore delvis- og no heilt sjukemeldt. Dei har dekt dette inn med ekstratimar for dei to andre, og med frivillig vikar.
 - d. Kyrkjevevja tek ut dei to siste vekene med ferie frå 2024, i veke 9 og 10 no i 2025. Sjå elles SR-sak 03.25.
9. **Minnelunden** kom eit stykke på veg før vinteren sette inn. Oppgåvene med ferdigstilling blir etter vinteren fordelt mellom eigne fagarbeidarar og ekstern entreprenør.
10. **Ortodoks gudsteneste** i Vinje kyrkje laurdag 8. febr. kl. 10 ved den ukrainske presten Andrey Pinchuk som er busett i Bø. Vi er med og gjer arrangementet kjent i Kviteseid. Vi informerer lokalt om ortodokse gudstenester på ukrainsk i Bø annankvar laurdag.
11. INFO-tavle til Vrådal gamle kyrkjegard: Forslag vart vist fram. Det må vere større skrift, så difor vert bilete og overskrift mindre.

SR-sak 03.25

Kyrkjevevje-stillinga vidare

MS

Kyrkjevevja har sagt opp si stilling pr 31.12 2025 og har fått innvilga permisjon frå 15. juli og ut november 2025 (Ref. ekstraordinært SR 10.12.2024). Han tek ut to av årets ferieveker dei to fyrste vekene av juli (veke 27 og 28) og dei 4 siste i desember 2025. Han arbeider som kyrkjevevje ut juni 2025. Soknerådet må difor finna ein etterfylgjar innan sommaren.

Prost Asgeir Sele har i samband med dette, ynskt å drøfte med soknerådet moglege vegar vidare. Han skriv:

Når stillinga som kyrkjevevje i Kviteseid no vert ledig, bed prosten i Øvre Telemark soknerådet drøfte grundig korleis oppgåvene til kyrkjevevja kan løysast på best mogeleg måte i framtida, no før stillinga vert lyst ut. Han bed særleg om at soknerådet har fokus på følgjande to problemstillingar:

- Vil det i framtida vera berekraftig at fellestråda i dei seks Vest-Telemark kommunane brukar så mykje av dei samla ressursane sine på administrasjon som no? I dag har kvar kommune eigen kyrkjevevje og fleire av dei eigen kontormedarbeidarar i tillegg. I eit område med knapt 14.000 innbyggjarar og små ressursar til stabsmedarbeidarar som jobbar med dei kyrkjelege kjerneoppgåvene, verkar dette som ein uforsvarleg stor del administrasjon.
- Vil det i framtida vera forsvarleg personalpolitikk å forventa at kvar einskilt kyrkjevevje skal kunne halde seg oppdatert på heile ansvarsområdet og bera det mangfaldige ansvaret heilt aleine døgnet rundt, året rundt, også når vedkomande eventuelt er sjukemeldt?

Prosten peikar på to alternative måtar å møte desse problemstillingane på:

Alternativ 1: Gå i forhandlingar med Seljord kyrkjelege fellesråd om felles kyrkjevevje og heller vurdere å lyse ut stilling som kombinert trusopplærar og kyrkjelydssekretær i Kviteseid. Seljord kyrkjelege fellesråd og kyrkjevevja i Seljord er opne for å drøfte eit slikt alternativ.

Alternativ 2: Gå i forhandlingar med dei andre fellesråda i Vest-Telemark om eit forpliktande samarbeid om kompetansedeling og vikarordning parallelt med at ein lyser ut stillinga som kyrkjevevje i Kviteseid. Dersom alternativ 2 vert valt, er kyrkjevevja/fellesrådet i Seljord villig til å leia ein slik prosess.

Etter prosten si meining, bør soknerådet ha valt eitt av dei to alternativa før stillinga vert utlyst, og det bør verta opplyst i utlysingsteksten korleis dette er tenkt løyst.

Prosten og kyrkjevevja i Seljord har no teke initiativ med 'Invitasjon til å delta i utgreiing av ny vikarordning for kyrkjevevjer i Vest-Telemark'. Kyrkjevevja Kristen har som truleg dei fleste andre kyrkjevevjene i Vest-Telemark, gitt positiv tilbakemelding på dette, og er opne for å vere med i utgreiinga.

Der er ikkje vanskeleg å vere samde i at det er lite berekraftig at kvar fellesrådsområde kvar for seg bruker svært mykje ressurs på administrasjon.

No treng vi ikkje spekulere i korleis dei andre kommunane si kyrkjelege administrasjon er lagt opp. Nokre har sekretærfunksjonar i tillegg til 100 % kyrkjevevje-stilling. Seljord er i tillegg vertsfellesråd for Ønsket&Elsket, og har i tillegg noko sekretærfunksjon for prosten. Tokke er vertskommune for Prostidiakonaten og Prostidiakonen for Vest-Telemark. Kyrkjevevja i Fyresdal fungerer også delvis som gravferdsbyrå i kommunen.

I Kviteseid har kyrkjevevja ingen slike ekstra-funksjonar, men gjer ein del arbeid som andre kyrkjevevjer delvis har lagt til sekretærar. Det er til dømes vedr.

- Dødsfall og gravlegging (kontakt med pårørande og staben, all digital føring),
- Økonomi: Kontering (faktisk rekneskapsføring) i tillegg til budsjett- og overordna rekneskapsføringar.

Det er alltid mange oppgåver kyrkjevevja ikkje får nok tid til, som til dømes HMS-arbeid.

På sikt kan det vera betre personalpolitikk å inngå samarbeid med andre for å sleppe å halde seg oppdatert på heile ansvarsområdet og bera det mangfaldige ansvaret heilt aleine døgnet rundt, året rundt. Dette er og ofte tilfelle når kyrkjevevja har ferie og eventuelt er sjukemeld.

Det er difor, sett med kyrkjevevja sine augo, eit godt initiativ kyrkjevevja i Seljord og prosten har teke, å greie ut ei ny (forpliktande) vikarordning for kyrkjevevjene i Vest-Telemark.

Staben i Kviteseid og soknerådsleiar har hatt nokre uformelle samtalar om eit eventuelt samarbeid om kyrkjevevjestillinga med Seljord. Vi er skeptiske til dette i denne omgang og ser ikkje dei store fordelane med slik stor omvelting no.

Det med å greie ut vikarordning for kyrkjevevjene, er ny sak, så det har berer kyrkjevevja og soknerådsleiar hatt litt korrespondanse om.

Prosten forklarar sitt anleggjande, og soknerådet samtalar om desse sakene og alternativa prosten har lagt fram.

Vedlegg: Vikarordning for kyrkjevevjerjer (invitasjon til utgreiing)

Forslag til vedtak i SR:

Soknerådet går inn for å halde fram med kyrkjevevjerjestillinga i Kviteseid om lag som i dag, og ynskjer at stillinga så snart som mogleg vert lyst ut. Soknerådet er og positive til at kyrkjevevjerjene i Vest-Telemark greier ut gode vikarordningar for kvarandre, og ynskjer å få tilbake eit berekraftig forslag for vedtak.

VEDTAK:

Soknerådet går inn for å halde fram med kyrkjevevjerjestillinga i Kviteseid om lag som i dag, og ynskjer at stillinga så snart som mogleg vert lyst ut. Soknerådet er og positive til at kyrkjevevjerjene i Vest-Telemark greier ut gode vikarordningar for kvarandre, og ynskjer å få tilbake eit berekraftig forslag for vedtak.

SR-sak 04.25

Utlysing av kyrkjevevjerjestillinga og tilsetjings-komité

MS

Soknerådet må setje ned ein komité og gje den tydeleg mandat i saka om utlysing og tilsetjing av ny kyrkjevevjerje.

Kyrkjevevjerja foreslår et det blir ein komité på 3-4 medlemmer, som til dømes Soknerådsleiar, ein frå staben (organisten Olav Holm eller tillitsvalde Håkon Heggtveit), ein til frå soknerådet (nestleiar eller tidlegare organist Dagfinn) og kyrkjevevjerja. Olav Holm eller kyrkjevevjerja som sekretær.

Mandatet kan vere alt frå utlysing, utveljing, intervju, innstilling og tilsetjing, eller mandatet kan stoppe med innstilling til soknerådet som til sist tilsett. Komiteen kjem fort i gang slik at utlysinga om mogleg kan vere ute før midten av februar.

Vedlagt ligg eit par tekstar frå 2015, som er sist gong stillinga vart lyst ut i Kviteseid. Elles ligg det fleire lysingar til tilsvarende stillingar på nett.

Vedlegg: 15.77 Utlysing utkast k.verje stillinga og 15.79 Utlysing 2, kyrkjevevjerje

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet ynskjer at kyrkjevevjerjestillinga i 100 % blir lyst ut snarast mogleg. Tilsetjingskomité vert soknerådsleiar Marit Sørby, nestleiar Knut Gjersund, organist Olav Holm og kyrkjevevjerje Kristen Salmelid. Marit Sørby er leiar og Olav Holm sekretær. Komiteen har heile tilsetjingsprosessen til og med innstilling til soknerådet. Soknerådet tilset om mogleg på sitt ordinære møte 24. april.

VEDTAK:

Soknerådet ynskjer at kyrkjevevjerjestillinga i 100 % blir lyst ut snarast mogleg. Soknerådet skal vedta utlysingsteksten. Intervjugruppa blir 2 frå soknerådet (leiar Marit Sørby og nestleiar Knut Gjersund) og 2 frå staben (organist Olav Holm og Bjørn Stian Sigurdslid). I tillegg blir prost Asgeir Sele. Han skal leie intervjugruppa og sørge for ein ryddig prosess frå utlysingstekst til innstilling til soknerådet. Soknerådet tilset om mogleg på sitt ordinære møte 24. april.

SR-sak 05.25

Rekneskapsrapport

KS

Driftsrekneskapan for 2024 ser ut til å enda med mindreforbruk (overskot) med god margin. Det står att ein del avstemmingar og anna, så dette er ikkje endeleg resultat, men viser pr 15. jan eit mindreforbruk på 222.000 kr. Årsaker til mindreforbruket er mellom anna høgare lønskostnadar enn budsjettert etter godt lønsoppgjjer (+ 13 %, sjå line 233), høgare pensjonsinnskott til KPL (+ 14 %, sjå

line 226). Men vi har samstundes fått reduserte lønskostnader med vakant trusopplærer-stilling i haust, og samla litt lågare andre kostnader.

Investerings-rekneskapen kjem vi tilbake til når rekneskapen er ferdig.

Kommunen fører rekneskapen for soknet. I nokre år nå har vårt og kommunen sitt rekneskap vore ført i Nissedal. Ingen av kommunane var nøgde med dette, så frå august er rekneskapen til soknet ført i Kviteseid. Samstundes er det innført eit nytt rekneskapsprogram og nye kontoplanar. Store endringar er at kyrkjevevja no konterer rekningar og bankbilag digitalt frå dataskjermen. Det er stor forenkling. I tillegg har kommunen for fyrste gong fakturert festeavgiftene for soknet, etter grunnlag frå kyrkja sine program. Dei var noko forsinka grunna tekniske utfordringar, så 2024-fakturaen vart sendt ut i januar 2025, men er inntektsført i soknet i 2024.

Vedlegg: R 2024 pr 15.1. og Bf 2025 (førebels rekneskap for 2024 og forslag for 2025)

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa

SR-sak 06.25

Budsjett for 2025 og økonomiplan 2026-29

KS

Driftsbudsjett 2025:

Soknerådet vedtok i august eit forslag til driftsbudsjett for 2025, og sende det til kommunen. Kommunen gjorde på si side vedtak om tilskot utan noko form for endring. Økonomisjef Tore Åsland stadfestar at driftstilskotet til Kviteseid Sokn for 2025 er på kr 4.059.700 kr. Delutbetalingane kjem terminvis (annan kvar månad).

Dette tilskotet er hovudinntekta til soknet, og dannar saman med andre tilskot og innbetalingar dei økonomiske rammene for Kviteseid sokn for driftsåret 2025.

Budsjettet er sett opp i balanse med 5.107.500 kr i inntekt og utgift.
Kommunalt tilskot har ein auke på 173.300 kr som er 4,45 %

Pensjonsinnskotet er sett opp etter det vi kjenner til.

KLP meldte 23.1. 2024 om: «37 milliarder tilbake til kundenes premiefond

Gode resultater gjør at KLP kan tilføre kundenes premiefond 70 prosent mer enn i fjor.

Midlene kan brukes til å dekke fremtidige innbetalinger til pensjonsordningen, og vil derfor både redusere kundenes pensjonskostnader og bedre likviditeten».

Det betyr at soknet får litt på fond igjen hos KLP og kan bruke av dette for å dekke pensjonskostnadane viss økonomien skulle bli pressa. Storleiken på fondet etter tilbakeføring og med det vi har frå før, kan vi komme tilbake til.

Søknadar:

1. Speidaren i Kviteseid har kvart av dei siste åra søkt om og fått eit driftstilskot frå Kviteseid sokn på 5000 kr. I 2025 har speidaren som Misjonskyrkja og Kviteseid sokn driv i lag, 5-års-jubileum. Dei har stort ynskje om å kjøpe inn nokre lavvoar til turane sine, og har i samband med dette søkt Kviteseid sokn om eit jubileumstilskot på 25.000 kr (av budsjettet kostnad på 66.000 kr) til innkjøp av 3 lavvoar. Begge beløpa er innbaka i budsjettet med grunngjevinga:

Speidaren har mange aktive deltakarar, og når gutane (som i mindre grad er med på dei 3 barnekora). Dei har siste år starta med småspeidarar i tillegg til dei store. Soknet har reduserte lønskostnadar våren 2025 grunna vakant trusopplærarstilling.

2. Prostidiakonen har søkt om 5000 kr til eit bokprosjekt i samband med at Diakonaten i år har 40-års-jubileum. Beløpet er baka inn i budsjettet.

Kyrkjevevja har hatt lønsforhandling for 2025 med leiar og nestleiar. Resultatet er baka inn i budsjettet for 2025. For resten av dei tilsette er det sentrale lønsforhandlingar på sommaren med tilbakeverkande kraft til 1. mai. Det er tatt høgde for om lag 3 % auke.

Budsjett-detaljane elles står i vedlegget, avdelingsvis og pr. type.

Investeringsbudsjett 2025: Soknet har ingen nye tilskot til investeringar i 2025, men har nokon restar frå tilskotet på 500.000 kr frå kommunen for 2024. Det blir nytta til å gjere ferdig dei prosjekta som er starta på, men ikkje gjort ferdige i 2024. Det er Minnelunden i Kviteseid og Fornyng i Vrådal kyrkje (Ny ytterdør og nytt teppe).

Økonomiplan 2026-2029: Soknet er pliktige til å ha ein økonomiplan. Kyrkjevevja foreslår at hovudtala på inntekter og utgifter i budsjettet for 2025, vidareførast til dei fylgjande åra med ein auke på 3 % kvart år.

Vedlegg: R 2024 pr 15.1. og Bf 2025 (same som i saka over)

Forslag til VEDTAK:

- Soknerådet takkar for arbeidet med budsjettet og er takksame overfor kommunen for driftstilskotet for 2025 som gjer det mogleg for kyrkja og soknet å vidareføre alt det gode og viktige arbeidet kyrkja gjer for kommunen sine innbyggjarar (der 70 % er medlemmar av Dnk).
- Soknerådet budsjetterte ikkje med bruk av fondsmidlar frå KLP i denne omgang.
- Soknerådet innvilgar søknadane frå Speidaren i Kviteseid, og frå Prostidiakonen.
- Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2025 og Økonomiplan for 2026-2029

VEDTAK:

Som føreslege.

SR-sak 07.25

Fasteaksjonen

MS

Fasteaksjonen 2025 er den årlege innsamlinga i fastetida, til Kirkens Nødhjelp sitt viktige arbeid rundt om i verda der mellom anna naturkatastrofar og krig gjer det vanskeleg for folk.

Fasteaksjonen er soknerådet sitt ansvar, men mykje vert gjort av soknepresten som engasjerer konfirmantane og føresette. Konfirmantane har felles samling for heile Øvre Telemark Prosti i Bø før aksjonen.

Noko førebuing har tidlegare vore frå kontoret ved trusopplærar og kyrkjevevja. No finn staben på kontoret ut av dette saman og bestiller materiell. Kontoret kan godt ha ein eller to frå soknerådet til å planleggja roder, sende ut bøsseberarane og ta imot dei når dei kjem tilbake, og telje opp pengane.

Kven kan vere med?

Bøsse-bæring og innsamling i Kviteseid har vanlegvis vore på ein tysdag, men er i år på søndag 6. april. Det blir Solidaritetsgudsteneste i Kviteseid kyrkje kl. 11, og utsending av bøsseberarar etter det. Innlevering/oppteljing blir i Kyrkjestøgo same ettermiddag.

Kyrkja har i år 10 konfirmantar. Soknepresten forsøker å få med dei 6 som er på Fredheim og dei 2 som er på Misjonshuset. Då treng vi ikkje så mange til frå soknerådet. Dette blir avklart på møtet. Soknepresten informerer eventuelt meir om fasteaksjonen.

Les meir om fasteaksjonen her: <https://www.fasteaksjonen.no/>

VEDTAK:

Soknerådet valde desse til å dele ut og ta imot bøsser i samband med Fasteaksjonen. Dei som ikkje er med i soknerådet blir spurt av kyrkjevevja. Der det ikkje er nok konfirmantar og føresette, syter desse for å supplera med andre. Dei ansvarlege set opp og fordeler rodene, og tel opp pengane etter innlevering av bøssene. Bøsser, lister og talde kontantar leverast til kyrkjevevja.

Brunkeberg: Knut Gjersund og Geir Helge Susort.

Vrådal: Astrid Breivik og Marit Sørby.

Kviteseid: Ida Elisabeth Sigurdslid og Anne Oddny Foldøy.

Fjågesund: Trond Fjågesund

Kilen: Elin Yung Larsen

SR-sak 08.25

Trusopplæring

MS

Tilsetting av ny trusopplærar: Andre utlysing hadde frist 31.12.2024. Til då kom det inn ein ny søkjar i tillegg til dei to som stod att frå fyrste runde. Komiteen (Marit S, soknepresten og organisten) bestemte no i januar å leggja saka på is til andre saker er avklara. Vi får litt hjelp til trusopplæringsarbeidet no i vår av mellom anna Inger Spikkeland Holm.

Nye til 'trusopplæringsutvalet': Vi gler oss over at nye har stadfesta at dei vil og kan vere med i utvalet. Det er Jonathan Skree Moe, Tone Straand og Sigrun Egeland (har vore med tidlegare og). Frå før sit Vidar Syrtveit Mikalsen, Benedikt Nødland og Astrid Breivik. I tillegg kjem soknepresten og ein eventuell trusopplærar. Dette blir då eit solid utval som kan vere med å styrke trusopplæringsarbeidet i soknet.

Forslag til

Mandat for utval for kyrkjeleg undervisning og læring. (tidl. Trusopplæringsutval)

Utvalet for kyrkjeleg undervisning og læring blir sett ned av soknerådet. Utvalet består av soknepresten, eventuelle tilsette med undervisning som særleg ansvarsområde og minst to medlemmer til. Minst ein av dei valde medlemmene bør sitje i soknerådet. Utvalet konstituerer seg sjølv.

Utvalet utarbeiar og held ved like planar for undervisningsarbeidet i Kviteseid sokn med utgangspunkt i «Plan for kyrkjeleg undervisning og læring», og legg desse fram for vedtak i soknerådet.

Utvalet har og ansvar for at det ynskte undervisningsarbeidet blir utført, i samarbeid med frivilljuge, tilsette og andre kyrkjelege aktørar i bygda.

Endring i trusopplæringsplan i Den norske kyrkja frå 2025. Soknepresten orienterer.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet er takksame for orienteringa, og for nye (og sitjande) personar i utvalet for kyrkjeleg undervisning og læring.

Soknerådet vedtek det framlagde Mandat for utval for kyrkjeleg undervisning og læring.

VEDTAK:

Soknerådet er takksame for orienteringa, og for nye (og sitjande) personar i utvalet for kyrkjeleg undervisning og læring.

Soknerådet vedtek det framlagde Mandat for utval for kyrkjeleg undervisning og læring.

SR-sak 09.25

Eventuelt

MS

1. Samtalegudsteneste og konfirmantfest:

Samtalegudstenesta for konfirmantane blir i år søndag 11. mai i Brunkeberg kyrkje kl. 15.00.

Konfirmantfesten blir halden på grendehuset i Morgedal etter gudstenesta. Komité for festen: Astrid Breivik, Solveig Løfgren, Knut Gjersund, Dagfinn Køhn og Sigrun G. Moen.

2. Sokenemøte (årsmøte):

Dato for sokenemøtet vert endra frå søndag 30. mars til måndag 9. juni (2. pinsedag), etter gudstenesta i Vrådal kyrkje (kl. 11.00). Staben får då betre tid til å laga årsmeldinga som leggjast fram for soknerådet for vedtak 24. april. Då er vonleg og rekneskapen for 2024 revidert. (Revisor har frist med revisjonsmeldinga til 30. april).

3. Avslutning for kyrkjeverja blir søndag 29. juni på Misjonshuset, etter messa i Brunkeberg 11.00